

# Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk

## (KRLE)

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019.  
Eksamensordning fastsett av Kunnskapsdepartementet 29.06.2020

Gjeld frå 01.08.2020

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

KRLE er eit sentralt fag for å forstå seg sjølv, andre og verda rundt seg. Gjennom kunnskap om ulike religionar og livssyn skal elevane utvikle evne til å leve i og med mangfald i samfunns- og arbeidslivet. KRLE skal gi øving i etisk refleksjon og bidra til å utvikle dømmekrafta til elevane i kvardagen og i møte med samfunnsutfordringar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. I KRLE blir verdispørsmål behandla på bakgrunn av kunnskap om religiøse og filosofiske tradisjonar og idear og gjennom utforsking av slike tradisjonar og idear. Elevane skal bli kjende med verdiane som skulen og samfunnet byggjer på, og korleis dei er forankra i ulike religionar og livssyn. Dette er verdier som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet. Faget skal bidra til å gi elevane innsikt i kristen og humanistisk arv og tradisjon og i korleis desse har endra seg gjennom historia. Faget skal gi elevane kunnskap om menneskerettane og medvit om menneskeverdet som grunnleggjande verdi, og det skal leggje til rette for gjensidig respekt, toleranse og demokratisk medverknad.

Opplæringslova legg føringar for at kristendom, andre verdsreligionar og livssyn skal presenterast på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte i undervisninga.

I tillegg er det andre krav til faget som følgjer av § 2-4 i lova, Undervisninga i faget kristendom, religion, livssyn og etikk, og § 2-3 a., Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa.

Læreplanen i KRLE legg til rette for at kristendom, jødedom, islam, buddhisme, hinduisme, sikhisme, nyreligiøsitet og livssynshumanisme kan bli behandla både enkeltvis og i samanheng. Til saman skal elevane bli godt kjende med breidda av religiøse og ikkje-religiøse livssyn. Om lag halvparten av undervisningstida i faget skal bli brukt på kristendomskunnskap.

### Kjerneelement

#### Kjennskap til religionar og livssyn

Faget skal gi kunnskap om og forståing for kristendom og andre religionar og livssyn lokalt, nasjonalt og globalt og på individ-, gruppe- og tradisjonsnivå. Elevane skal òg få innsikt i korleis kristendom og andre religionar og livssyn inngår i historiske prosessar og heng saman med samfunnsendingar og kulturarv. Elevane skal bli kjende med mangfaldet av religionar og livssyn, og

med det indre mangfoldet i dei ulike tradisjonane. Faget skal gi grunnlag for refleksjon over majoritets-, minoritets- og urfolksperspektiv i Noreg.

## Utforsking av religionar og livssyn med ulike metodar

Elevane skal undersøkje og utforske kristendom og andre religionar og livssyn som samansette fenomen gjennom bruk av varierte metodar. Forståinga deira av religionar og livssyn blir utdjupa og utfordra gjennom analyse av og kritisk refleksjon over kjelder, normer og definisjonsmakt. Kjennskap til ulike syn på og definisjonar av religionar og livssyn inngår i kjerneelementet og er vesentleg for å forstå og handtere mangfald.

## Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar

Faget handlar om ulike måtar menneske har nærma seg spørsmål om meining, identitet og verkelegheitsbilete gjennom religionar, livssyn, etikk og filosofi. Faget skal gi rom for refleksjon, filosofisk samtale og undring ved å utforske eksistensielle spørsmål. Elevane skal òg kunne forhalde seg til spørsmål det er djup usemje om.

## Å kunne ta andre sitt perspektiv

Faget skal gi elevane moglegheit til å utvikle eigne synspunkt og haldningar i møte med andre gjennom innanfrå- og utanfrå-perspektiv og gjennom dialog og refleksjon over likskapar og forskjellar. På den måten skal faget bidra til at elevane utviklar interesse og respekt for kvarandre uavhengig av kulturell, sosial, religiøs eller livssynsmessig bakgrunn. Faget skal bidra til at elevane utviklar mangfaldskompetanse. Samiske perspektiv inngår. Tema knytte til kjønn og funksjonsevne inngår òg.

## Etisk refleksjon

Elevane skal kunne identifisere etiske dilemma og drøfte moralske spørsmål ved hjelp av eigen erfaringsbakgrunn, evne til innleving og ulike etiske modellar og omgrep. Etisk refleksjon gir moglegheit til å handtere store og små spørsmål, konflikhtar og utfordringar med betydning for skulesamfunnet, kvardagslivet og det globale samfunnet. Filosofiske tenkjemåtar gir elevane reiskapar til å analysere argumentasjon og påstandar.

## Tverrfaglege tema

### Folkehelse og livsmeistring

I KRLE handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om at elevane skal få utforske eksistensielle spørsmål og svar. Arbeidet med faget gir elevane kunnskap om menneskeverdet og korleis dette blir forankra i ulike religionar og livssyn. Faget bidreg til å utvikle evna elevane har til å reflektere

over etiske spørsmål og problemstillinger som gjeld identitet, kjønn, seksualitet og psykisk helse.

## Demokrati og medborgarskap

I KRLE handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane skal delta i etisk refleksjon og få øving i å ta ulike perspektiv. KRLE bidreg til å styrkje evna elevane har til å handtere utfordrande spørsmål og vere opne for synspunkta til andre i eit mangfaldig samfunn. Gjennom å delta i etisk refleksjon blir elevane i stand til å problematisere makt og utanforskap og til å stille spørsmål ved gjengse normer.

## Berekraftig utvikling

I KRLE handlar det tverrfaglege temaet bærekraftig utvikling om at elevane skal utforske eksistensielle spørsmål og delta i etisk refleksjon over naturen og kva plass mennesket har i han. Dette inneber at elevane kan reflektere over korleis menneske, miljø og samfunn påverkar kvarandre, og over korleis dei kan ta ansvarlege val.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i KRLE inneber å kunne lytte til, fortelje om, presentere og samtale om faglege emne, og å kunne argumentere for eigne synspunkt og ta ulike perspektiv. Munnlege ferdigheiter inneber òg å bruke fagspesifikke omgrep til å utforske, drøfte og reflektere over kunnskapsområda i faget. Munnlege ferdigheiter inneber dessutan å kunne uttrykkje ulike meiningar og argumentere for desse ved hjelp av filosofiske samtaleformer og filosofisk samhandling og refleksjon. Utviklinga av munnlege ferdigheiter går frå å kunne samtale om eit emne til å kunne presentere og drøfte komplekse faglege problemstillinger. Dette inneber i aukande grad å kunne bruke fagomgrep til å uttrykkje og vurdere eiga forståing. Munnlege ferdigheiter inneber òg å gradvis utvikle evna til å lytte til andre.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i KRLE inneber å kunne bruke skrift- og biletspråk til å kommunisere og til å utvikle kunnskap om religionar, livssyn og etikk. Ferdigheita omfattar òg å kunne utforske ulike syn og argumentere for og mot ulike standpunkt. Det omfattar òg å kunne bruke fagspesifikke omgrep i skriftleg arbeid og å kunne vurdere eiga læring i arbeid med faglege tekstar. Utviklinga av det å kunne skrive i faget går frå å kunne fortelje og beskrive til å kunne utforske faglege problemstillinger. Dette inneber at elevane i skriftlege arbeid gradvis tek i bruk fagspesifikke omgrep og ulike kjelder for å utvikle kompetanse til å vurdere eiga læring i arbeid med faglege tekstar.

## Å kunne lese

Å kunne lese i KRLE inneber å oppleve og forstå ulike religiøse og filosofiske tekstar. Det omfattar òg å reflektere over og tolke tekstar, illustrasjonar, symbol og andre uttrykk. Vidare inneber det å samanlikne og systematisere informasjon og vurdere kjelder kritisk. Utviklinga av det å kunne lese i KRLE går frå å kunne forstå innhaldet i enkle tekstar til å kunne analysere og vurdere form og innhald i komplekse tekstar. Dette inneber i aukande grad å forstå fagomgrep og å kunne finne, bruke og vurdere ulike kjelder til informasjon.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i KRLE inneber å kunne bruke og forstå tidslinjer i møte med framstillingar av religionar og livssyn. Det inneber òg å forstå korleis statistikk og tabellar kan brukast. Utviklinga av det å kunne rekne i faget inneber i aukande grad å kunne forstå og reflektere over statistisk materiale og tabellar.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i KRLE inneber å kunne bruke digitale ressursar i eige skapande arbeid. Det omfattar òg å kunne innhente informasjon om religionar og livssyn frå digitale kjelder og tolke og kritisk vurdere informasjonen. Utviklinga av digitale ferdigheiter i faget går frå å bruke enkle samansetningar av tekst, lyd og bilete til å kunne lage og vurdere samansette digitale produkt for framstilling av faglege tema. Digital dømmekraft blir utvikla gradvis gjennom aukande grad av etisk refleksjon over korleis digitale ressursar blir brukte.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering 4. trinn

### Kompetansemål etter 4. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske og beskrive korleis kristendom og andre religionar og livssyn kjem til uttrykk lokalt og regionalt
- samtale om og presentere sentrale forteljingar og trusførestillingar i kristen tradisjon
- samtale om og presentere sentrale forteljingar og trusførestillingar i austlege og vestlege religiøse tradisjonar
- samanlikne og presentere ulike årstider og høgtider i kristendom og andre religions- og livssynstradisjonar, som kulturarv

- samtale om og presentere estetiske uttrykk frå kristendom og andre religionar og livssyn
- bruke enkle fagomgrep i arbeidet med religionar og livssyn
- skilje mellom ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn
- beskrive og samtale om ulike måtar å leve saman på i familie og samfunn
- samarbeide med andre i filosofisk samtale
- identifisere og reflektere over etiske spørsmål
- utforske og samtale om etiske sider ved levesettet og ressursbruken til menneska
- setje seg inn i og formidle eigne og andre sine tankar, kjensler og erfaringar
- samtale om kva menneskeverd, respekt og toleranse betyr og kva det inneber for korleis vi lever saman

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i KRLE på 1.–4. trinn når dei formidlar kunnskap om religionar og livssyn frå nærmiljøet og omverda. Elevane viser og utviklar òg kompetanse i KRLE når dei undrar seg over og utforskar etiske og filosofiske spørsmål saman med andre. Vidare viser og utviklar dei kompetanse ved å ta i bruk enkle fagomgrep.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege, estetiske, praktiske, leikprega og digitale måtar å arbeide med KRLE-faget på. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i KRLE. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kunnskap om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk.

## Kompetansemål og vurdering 7. trinn

### Kompetansemål etter 7. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for historia til kristendom og andre religionar og livssyn i Noreg, inkludert religions- og livssynshistoria til samar og nasjonale minoritetar
- beskrive og presentere nokre sentrale rituelle praksisar og etiske normer i kristendom
- beskrive og presentere nokre sentrale rituelle praksisar og etiske normer frå austlege og vestlege religionar og livssynstradisjonar

- utforske og samanlikne tekstar og materielle uttrykk som kjelder til kunnskap om kulturarv knytt til kristendom og ulike religions- og livssynstradisjonar
- utforske og samtale om mangfald både innanfor kristne trussamfunn og andre religionssamfunn
- bruke fagomgrep i arbeidet med religionar og livssyn
- gjere greie for ulike syn på barndom, familie og samliv i religionar og livssyn
- bruke filosofiske tenkjemåtar i samtale og undring
- samtale om og formidle etiske idear frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar
- samtale om og formidle etiske idear frå sentrale skikkelsar i filosofihistoria
- utforske og beskrive egne og andre sine perspektiv i etiske dilemma knytte til kvardags- og samfunnsutfordringar
- reflektere over eksistensielle spørsmål knytte til levesettet og levkåra til menneska og til framtida til kloden
- gjere greie for kva menneskerettane inneber for ytringsfridom, religionsfridom og situasjonen for religiøse minoritetar i Noreg

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i KRLE på 5., 6. og 7. trinn når dei undersøker og forstår religionar og livssyn og reflekterer over eksistensielle og etiske spørsmål. Kompetanse kjem fram når elevane viser innsikt i korleis religionar og livssyn inngår i historiske prosessar nasjonalt. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei bruker sentrale omgrep i faget. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei i samtalar og meiningsbrytingar uttrykkjer egne meiningar og viser at dei kan ta ulike perspektiv.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege, praktiske og digitale måtar å arbeide med KRLE-faget på. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i KRLE. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kunnskap om kristendom, andre religionar, livssyn og etikk.

## Kompetansemål og vurdering 10. trinn

Kompetansemål etter 10. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske og presentere sentrale trekk ved kristendom og andre religions- og livssynstradisjonar og gjere greie for utbreiinga deira i dag
- utforske og drøfte korleis kristendom og andre religionar inngår i historiske endringsprosessar globalt og nasjonalt
- undersøkje og presentere sentrale idear frå livssynshumanisme og andre ikkje-religiøse livssyn
- utforske og presentere religiøst mangfald og religiøse praksisar utanfor etablerte religionssamfunn
- gjere greie for og reflektere over religions- og livssynstradisjonane til samane og andre urfolk
- bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn
- samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn
- gjere greie for og reflektere over ulike syn på kjønn og seksualitet i kristendom og andre religionar og livssyn
- utforske og presentere korleis element frå kristendom og andre religionar og livssyn kjem til uttrykk i medium og populærkultur
- utforske og samanlikne etiske idear frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar
- utforske etiske idear frå sentrale skikkelsar i filosofihistoria og anvende ideane til å drøfte aktuelle etiske spørsmål
- utforske perspektiva til andre og handtere usemje og meningsbryting
- reflektere over eksistensielle spørsmål knytte til det å vakse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn
- identifisere og drøfte etiske problemstillingar knytte til ulike former for kommunikasjon
- identifisere og drøfte aktuelle etiske problemstillingar knytte til menneskerettar, berekraft og fattigdom

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i KRLE på 8., 9. og 10. trinn når dei undersøkkjer og forstår religionar og livssyn og reflekterer over eksistensielle og etiske spørsmål. Elevane viser og utviklar òg kompetanse når dei anvender kunnskapar om religionar, livssyn og etikk i kjende og ukjende samanhengar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei bruker kjelder på ein kritisk måte, gjer greie for ulike standpunkt og reflekterer over spørsmål som det er stor usemje om. Til sist viser og utviklar dei kompetanse når dei bruker og drøftar faglege omgrep.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege, praktiske og digitale måtar å arbeide med KRLE-faget på. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i KRLE. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi



retteleing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke retteleinga for å utvikle kunnskap om kristendom, andre religionar, livssyn, etikk og filosofi.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i KRLE ved avslutninga av opplæringa etter 10.trinn. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i KRLE basert på kompetansen eleven har vist når eleven har brukt kunnskapar og ferdigheiter i kombinasjon.

## Vurderingsordning

### Standpunktvurdering

10. trinn: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

### Eksamen for elevar

Eleven kan bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

### Eksamen for privatistar

10. trinn. Sjå gjeldande ordning for grunnopplæring for vaksne.